

Almenlegeutvalget
Hol kommune
v/ Kai Jacobsen

Hol, 8. 2. 2012

Helse- og omsorgsdepartementet
v/ helseminister Anne-Grete Strøm-Erichsen
www.postmottak@hod.dep.no

Kopi til :

DNLF v/ Almenlegeforeningen legeforeningen@legeforeningen.no
Hol kommune v/ Helse- og sosialsjef J.O.Helling Jan-Olav.Helling@hol.kommune.no

HØYRINGSUTTALE OM REVIDERT FASTLEGEFORSKRIFT

Eksisterande fastlegeordning har i vår kommune fungert svært tilfredsstillande. Dette er godt dokumentert gjennom brukarundersøkingar ved dei to legekontora. Det vesentlege i denne sammenheng er at pasientane er godt fornøygde. I tillegg har det også vore eit uproblematisk samarbeid mellom fastlegane og kommunen når det gjeld omfang og fordelinga av offentlege oppgåver.

Fastlegeordninga har fungert etter intensjonane, den har eit godt innkøyrte og utprøvd avtaleverk.

Eksisterande ordning har også halde budsjetttrammer.

Også på landsbasis har fastlegeordninga kome godt ut i brukarundersøkingar.

Forslaget til ny fastlegeforskrift er bekymringsfull på mange plan.

Den inneheld mange forslag som manglar eller har dårleg fagleg grunngjeving.

Den er full av krav som innbyrdes er motstridande og uforeinelege.

Den inneheld diverse pålegg i retning av fleire møte og administrative oppgåver.

Den er utforma utan medvirkning eller innspel frå legeforeningen.

Den riv grunnen bort under dei viktige bærebjelkane i den offentlege helsetenesten: tillitt og trygghet

Det er ikkje vanskeleg å sjå at konsekvensane av dette forslaget vil bli redusert tid til pasientane.

Fordi forslaget er så verkelegheitsfjernt, er det heilt unødvendig konfliktskapande, og kan såleis truge heile fastlegeordninga.

Noverande fastlegeordning er godt innarbeid, og bør fortsatt vera fundamentet i norsk helseteneste. Det kan vera sider ved ordninga som bør styrkast, og dette må skje i dialog med dei partar som er involverte i den praktisk medisinske kvardagen.

Dette utkastet som nå forelegg, er laga av byråkratar svært langt frå pasientkvardagen. Me kan ikkje frå vår pasientnære ståstad verken forhalde oss til ei visjonær glansbildeverd eller til eit samansurium av ulike krav.

Det blir vanskeleg for oss å fornye våre fastlegeavtaler med dei rammene som no blir foreslått.

Me meiner derfor at heile utkastet bør trekkjast attende.

Det er foreslått av fleire at denne forskrifta bør havne i ein skuff. Me synes ikkje det er rett. Slike dokument fulle av byråkratisk gift bør leverast inn på kommunen sitt forbrenningsanlegg i Kleivi.

Med helsing

Frå eit samrøystes ALU i Hol kommune

Kai Jacobsen